



## Notat

Dato: 05.03.2018  
Arkivsak: 2018/8044-2  
Saksbehandlar: hanglop1

---

**Til:** FUV, MISA, KIRU og OPHE

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Tilskot til breiband i 2018 – Økonomisk ramme på kr 8 325 675,- til Hordaland**

Samferdselsdepartementet (SD) viser til tidligare støtteordning for breiband, som var godkjent av ESA fram til og med 2017. Stortinget har vedtatt ei løyving på 149,7 millionar kroner til breiband i 2018. SD har i samråd med Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) og fylkeskommunane vurdert korleis statleg støtte til breiband i 2018 og seinare bør innrettast.

Etter SD si oppfatning har tidligare støtteordning fungert godt og bidrege til regjeringa sine målsettingar i breibandspolitikken. Dette er også i hovudsak Oslo Economics sin konklusjon, som har evaluert ordninga på oppdrag frå Nkom.

Samstundes har fleire fylkeskommunar teke til orde for at den tidligare ordninga var byråkratisk og unødvendig ressurskrevjande. Søknadsvolumet har dei siste åra vore høgare enn ramma og over halvparten av søknadene har ikkje nådd opp. Vidare har fleire fylkeskommunar uttrykt at det regionale nivået i dag ikkje blir utnytta effektivt, og at måten midlane er blitt tildelt ikkje er føreseieleg for fylkeskommunane.

Midlane skal no fordelast til alle fylker etter ein fordelingsnøkkel basert på den faktiske dekninga som er registrert i Nkom si siste dekningsundersøking. Både kommunale og fylkeskommunale prosjekt kan få støtte, men det er den enkelte fylkeskommune som skal prioritere prosjekt innanfor eige fylke og innanfor den økonomiske ramma fylket er tildelt. Fylkeskommunen sender sin prioriterte innstilling til Nkom, som då vil kontrollere at prosjekta er i tråd med reguleringa av statstilskot og oppfyller dei kriteriana som er sett til denne ordninga.

#### Vedlegg:

1. Tilskudd til bredbåndsutbygging 2018. Nye retningslinjer for støtte til bredbåndsutbygging. Invitasjon til informasjonsmøte i Oslo den 13. mars 2018. Brev frå Nkom til fylkeskommunen
2. Tilskudd til bredbåndsutbygging 2018. Brev frå SD til Nkom.